



Turen starta på Sandakaaien (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnerad Turlag arrangerte i dag tur til Skorpefjellet. Turen starta med 21 deltakarar frå Sandakaaien kl 10. Yngste deltakar var 3 ½ år. Ellers kom deltakarane frå heile kommunen og både frå Stord og Osterøy. Båtskyssarar var Johannes Hauge og Ole Kristoffer Vågen



Og han enda på toppen av Skorpo (Foto: Kjell Yri)

På denne turen la vi vekt på å formidla forteljingar om livet på Skorpo frå gammalt av. Vidare om den særeigne geologien og den rike plantevoksteren. Geolog Dag Hermansen har skrive for oss om geologi på Skorpo. På Tunet i Det Blå vart det fortalt om forfattar Herbrand Lavik og om husmannsplassen Øredalen. Johannes Hauge fortalte om dagleglivet på Skorpo. Ikkje alltid like lett som kvardagen hjå oss på fastlandet. Alle deltakarane nådde toppen – alle svært nøgde, og ikkje ein dråpe regn.

På heimvegen gjekk vi nedom murane som står igjen etter husmannsplassen i Øredalen. Vi gjekk og innom Marit Langballe og såg på det flotte restaurerte eldhuset. Ho hadde bakt brød, og dei som ynskte det fekk med seg varme steinovnsbakte brød.

Glade turleiarar var Jofrid Eik og Kjell Yri.

Kjell Yri